



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

Referat frå Kviteeid Sokneråd
Torsdag, 7. mars 2024, kl. 18.00
på kommunehuset

Innkallinga: Marit Sørby, Sigrun Garvik Moen, Dagfinn Køhn, Astrid Elisabeth Breivik, Knut Gjersund, Solveig Aabø Løfgren, Trond Fjågesund og Anne Oddny Foldøy. Dag Harald Undheim (fungerande sokneprest) og Kristen Salmelid (kyrkjeverje). Tarjei Draugedal (ordførar og kommunerepresentant) og 1. vara: Ida Elisabeth Nilsen Sigurdslid.

Fråvær: Tarjei Draugedal (ordførar og kommunerepresentant)

Meldt fråvær: Dag Harald Undheim (fungerande sokneprest)

Innkallinga vart og sendt til dei andre varamedlemmene: Monica Haugestøl (2.v.), Geir Helge Susort (3.v.), Jorunn Simonsen (4.v.) og Jan Rune Bjørnson (5.v.).

Opningsord ved Astrid Breivik

Beverting ved Solveig Løfgren

Oversikt over saker:

SR-sak 11.24 FR	Innkalling og saksliste
SR-sak 12.24 FR	Post og meldingar
SR-sak 13.24 FR	Godkjenning av Rekneskapen for 2024
SR-sak 14.24 SR	Årsmelding for 2024
SR-sak 15.24 SR	Soknemøte med årsmøtesaker
SR-sak 16.24 SR	Fasteaksjonen
SR-sak 17.24 SR	Dugnad på kyrkjegardane
SR-sak 18.24 SR	Eventuelt

SR-sak 11.24 FR	Innkalling og saksliste	MS
	Innkallinga til dette møtet vert sendt ut på e-post til alle rundt 29.02.2024	
	<ul style="list-style-type: none">medlemmer og varamedlemmer i Kviteeid soknerådrevisor og prost til orientering.	
	Merknader til innkalling eller saksliste? Eventuelt?	
Forslag til VEDTAK:		
	Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.	
VEDTAK:		
	Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.	

SR-sak 12.24 FR	Post og meldingar	MS
1. Arrangement sidan sist SR:		
<ul style="list-style-type: none"> • Taizé-gudsteneste i Kviteseid kyrkje askeonsdag 14. februar kl. 19.30 • Føremiddagstreff på Misjonshuset 31. jan. og 21. febr. kl. 11.00 • Språkkafé på Misjonshuset 24. jan. • Felles familiemøte 21. jan. 16.-00 på Misjonshuset • Arbeidsutval (AU) 22. februar vart avlyst då kyrkjeverja ikkje har hatt tid til å førebu saker, og fordi hovudsaka Rekneskapen for 2023, ikkje var ferdig <ul style="list-style-type: none"> • Det har vore svært mange dødsfall sidan nyttår • Kyrkjeverja har hatt auge-operasjonar som har kravd 3 arbeidsdagar • Arbeid med kyrkjebladet som skal ut før påske, har kravd nesten ei heil vekes arbeid. Dette er arbeid som soknepresten tidlegare har gjort. • Fellesmøtehelg med Siri Iversen 1.-3. mars i Kviteseid kyrkje 		
2. Planlagde arrangement:		
<ul style="list-style-type: none"> • AU 18. april • Fasteaksjonen tysdag 19. mars (sjå eiga sak) • Soknemøte (Årsmøte for Kviteseid sokn) sundag 5. mai i Kviteseid kyrkje, etter messa. (endra NY dato for soknemøte) • SR 2. mai blir eit PLANMØTE med prost Asgeir Sele, der han arbeider med soknerådet om planarbeid. 		
3. Kyrkjekontoret skal få ei ombygging og fornying i løpet av våren. Dette er hovudsakeleg for å laga eit betre kontor for soknepresten, der det er plass til komitear og utvals-møte, og ikkje minst eit kontor som er meir lydtett. Staben må gjere arbeidet sjølv, men kommunen kostar materialane. Dette ynskjer staben å ha ferdig i god tid før ny sokneprest startar.		
4. Arbeidet med minnelunden tar til i sommarhalvåret, så er håpet at vi blir ferdige før neste vinter.		
5. Gudstenesta i Kviteseid 3. mars går ut. Soknerådet vedtok i SR-sak 10.24 å søke biskopen ved prosten om å sløyfe gudstenesta denne dagen fordi det heile helga er fellesmøte i kyrkja. Søknaden vart innvilga.		
6. Kyrkjebevaringsprogrammet på kr 10. mrd. er starta opp. Kyrkjerådet har sett i gang med etablering av forvaltninga for dette. Det vil i 2024 truleg bli mogleg å søkje om midlar for å ta igjen etterslepet på vedlikehald av kyrkjene, men først skal retningslinene for programmet fastsetjast. Det er berre mogleg å søkje til freda og listeførte kyrkjer. Det er alle våre med unntak av Kilen kapell. Kyrkjeverja skal søkje om stønad for Vrådal kyrkje (tak, veggar og ytterdør) i 2024. Men først må vi søkje om stønad til utarbeiding av dette arbeidet. Så kan sjølve søknaden skrivast, men det må truleg vere av sakkunnige. Så dette vil ta tid. Det er heller ikkje klart kor mykje Riksantikvaren støttar, og kor myke kommunen må bidra med. Tidlegare har det vore		

60/40. No er det snakk om 30 % på RA og 70 % lokalt (=kommunen). Andre nærliggjande behov på kyrkjene i Kviteseid kommune og sokn, er mellom anna er kalking av Gamlekyrkja og restarbeid med blyglas i Kviteseid. Glasmeister Krossøy i Kviteseid Glasservice as, er ein av 4 i Noreg som nå skal kursast i blyglas-faget, med tanke på å kunne renovera slike glas som vi har i kyrkjene i Kviteseid og Fjågesund.

7. **Årsmelding fra Kviteseid MSK Speider 2023** ligg ved til orientering.
8. **Godkjend rammesøknad for utfylling i Sundkilen** og bygging av nye bustader er motteke 24.01.2024. Kviteseid sokn har motteke denne som nabo til den aktuelle eigedommen, nedanfor gapahuken, ved bobil-‘campingen’.
9. **To alarmsendarar må bytast ut.** Brannvarslinga i Brunkeberg og i Kviteseid kyrkjer, brukar 2G-nettet for å sende brannvarslingar til alarmsentralen til 110. Dette nettet blir neste vår avvikla, så innan den tid må vi over på 4G. Det er firmaet AddSecure som har montert desse sendarane og skal bytte ut våre. Kostnaden blir kr 12.000 + mva. pr. sendar, ferdig montert. Det må vi truleg ta med i revidert budsjett før sommaren. *Desse vart bytta denne veka.*
10. **Kyrkjeverja er på ferie utanlands 12.-26. mars**, og vil såleis ikkje vere her under mellom anna fasteaksjonen.

Nye pkt. informert om på møtet:

11. **Nytt nr av KYRKJEBLADET** er i trykken og vert distribuert av Posten til alle hushaldingar i Kviteseid i veke 12, før påske. Arbeid med dette bladet ført til mykje ekstra arbeid for kyrkjeverja som har tatt på seg å vere redaktør for bladet dette året. No ser vi kor mykje arbeid soknepresten har hatt med kvart nummer tidlegare. Til dette nummeret har vi fått 3 betala annonsar. Det er ein god start. Kyrkjeverja prisa nok annonseplassane litt høgt, men hadde vanskeleg med å finna samanlikningsgrunnlag frå andre.
12. **Avslag på søknad.** Vi har 28.02.2024 motteke avslag på søknad til Riksantikvaren (RA) om støtte til konservering av kyrkjekunst. Det er 2. året vi får avslag, men blir oppmoda til å söke igjen. Det gjeld 13 måleri i Kviteseid Gamle Kyrkje. Det er snakk om nær 600.000 kr 100 % finansiert av RA.
13. **Soknerådsmøte 2. mai er eit planmøte** i regi av prost Asgeir Sele. Då eignar det seg ikkje å vere i Vrådal kyrkje som tidlegare vedteke, så møtet blir på kommunehuset, og besøket til Vrådal vert utsett til eit anna møte, vonleg juni-møtet.
14. **Fellesrådskurset i Bø 26. februar** var veldig nyttig og godt, med god kurshaldar.

SR-sak 13.24 FR	Godkjenning av Regnskapet for 2024	MS / KS
-----------------	------------------------------------	---------

Her er det gjort endringar i saka etter siste utsending til soknerådet, men den endra saka vart dela ut på møtet og det var denne utgåva som vart handsama.

Rekneskapskontoret i Nissedal kommune leverte 19.02. ferdig rekneskap for 2023. Det er oversendt revisor og etter førebels revisjon er resultata som fylgjer:

Driftsregnskapet venda rekneskapsmessig i balanse etter avsetnad og bruk av fond..
Sum inntekter er kr 5.511.250 og utgifter kr 5.629.705. Dette gjev eit brutto meirforbruk på kr 118.455 og netto kr 88.533.

Driftsintektene var kr 63.250 meir enn budsjettet og driftsutgiftene vart kr 224.705 høgare enn budsjettet for 2023. Vesentlege årsaker til avviket på kr 161.455 er meirkostnader til pensjonsutgifterer på kr 200.000 meir enn budsjettet, ein auke på nesten kr 300.000 frå 2022. (Sjå Note 3) Her brukte SR etter tidlegare vedtak kr 121.888 av premiefondet vi har i KLP Her har alle einingar i Den norske kyrkja fått ein stor ekstrakostnad på rundt 100 % auke. Med slike store og uforutsette sviningar og därlege prognosar frå KLP, er det vanskeleg med budsjettstyring.

Investeringsregnskapet enda med kr 120.030 som udekka (underskot) etter prosjekt på 2,08 mill. kr. Investeringane var restarbeid på varmestyring i Kviteseid kyrkje, bygging av Kyrjestøgo, inventar til det same, og kjøp av leasing-bilen. Den vart kjøpt ut med kr 150.000 frå disposisjonsfondet, og resten, kr 119.000 i lån med avdrag. *Det siste talet vart til slutt kr 128.651 med gebyrer med meir.* Det var ikkje tatt høgde for at lånet også skulle førast i investeringsbudsjettet og difor er årsaka til underskotet. Soknerådet er takksame for kr 88.000 so vart gjeve i gåver til inventaret i Kyrjestøgo, frå private. Vi har kr. 42.000 i ubunde investeringsfond som kan brukast. Det resterande må dekkast inn med tilsvarende reduksjon på bruk av årets investeringstilskot.

Balanserekneskapen viser samla anleggsmidlar og omløpsmidlar på litt over 16 mill. kr, som balanserer med eigenkapital og gjeld. Dette er ein auke på kr 1,05 mill. kr frå året før.

Sjå detaljerte rekneskap og noter i vedlegget.

Vedlegg: Årsrekneskap 2023

Forslag til VEDTAK:

Kviteseid sokneråd godkjenner einstemmig årsrekneskapen for 2023 som etter revisjon syner eit netto driftsresultat på kr 88.533 i meirforbruk, men i balanse etter avsetnad og bruk av fond.

Investeringsregnskapet syner udekt bruk på kr 120.030. Dette vert dekt av kr 42.001,44 frå ubunde investerings-fond, og resten (kr 78.028,56) med tilsvarende reduksjon av investeringsaktiviteten i 2024

SR-sak 14.24 FR	Årsmelding for 2023	MS / KS
-----------------	---------------------	---------

Kyrkjeverja har dei siste dagane arbeidd med årsmeldinga og samla informasjon frå rekneskapen, årsstatistikk sendt til SSB og våre eigne tilsette og frivillige.

Vedlagt denne sendinga ligg eit nesten ferdig forslag til årsmelding. Det ferdige forslaget blir ettersendt, eller levert ut seinast på soknerådsmøtet.

Det er soknerådet si melding, og det er difor SR som skal godkjenne den. Meldinga vert så lagt fram for soknemøtet (årsmøtet) 5.mai til orientering saman med årsrekneskapen.

Vedlegg: Årsmelding 2023 - kladd

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet vedtek samrøystes årsmeldinga for 2023 med dei endringar som er kome fram under møtet.

VEDTAK:

Soknerådet vedtek samrøystes årsmeldinga for 2023.

SR-sak 15.24 SR	Soknemøte med årsmøtesaker	MS
-----------------	----------------------------	----

Soknemøtet har lang tradisjon i Noreg. Føremålet er at ein samla kyrkjelyd, gjennom eit allmøte, skal kunne uttale seg om viktige saker. Lovgrunnlaget finn vi i Kyrkjelova §§ 9-11. Soknemøtet er først og fremst eit rådgjevande organ, men har òg avgjerdsrett i visse spørsmål, som kor mange medlemmer soknerådet skal ha, og spørsmål om innføring av ny liturgi. (I år har vi ingen slike saker) Viktige orienteringssaker er årsmeldinga frå siste år, rekneskap og budsjett (jf. Kyrkjelova § 9)

Det er soknerådet som førebur sakene som soknemøtet skal fatte vedtak i. Rekneskap og årsmelding vert vedteke i soknerådet og er berre til orientering for kyrkjelyden i soknemøtet.

Fristen for å leggje fram revisorfråsegn til rekneskapen er 30. april, så ideelt sett bør soknemøtet difor haldast ein gong etter dette.

SR har tidlegare vedteke at soknemøtet i år blir sundag 21. april, etter gudstenesta i Kviteseid. Men skal ein vere på den sikre sida, bør soknemøtet leggjast til sundag 5. mai då det og er gudsteneste i Kviteseid.

Det er ikkje lovfesta noko om fristar til saker og kunngjering av årsmøtet, men tradisjon og god møteskikk tilseier at dato for soknemøtet skal kunngjerast i god tid, og likedann at sakene vert gjort kjende for gjennomsyn i god tid før møtet.

Kunngjering:

Soknemøtet i Kviteseid kyrkje blir kunngjort slik:

- minst ein gong under gudstenester i Vrådal, Brunkeberg og i Kviteseid
- i Kyrkjebladet som kjem ut før påske
- med vanlege Gudsteneste-annonseringar i VTB og på eiga Facebook-side

Saker:

Sakslista blir lagt fram i papirutgåve under gudstenestene i soknet frå dei er ferdige og vedtekne i soknerådet og fram til soknemøtet. Administrasjonen legg sakene ut på nettsida vår når dei er vedtekne.

Sakslista:

1. Konstituering
 - a. Val av ordstyrar. *Forslag: Marit Sørby*
 - b. Val av to referantar. *Forslag: Dagfinn Køhn og Sigrun Moen*
 - c. Val av to til å underskrive protokollen. *Forslag: Ida Sigurdslid og Astrid Tveten*
2. Godkjenning av innkalling og saksliste
3. Årsmelding for 2023, til orientering
4. Rekneskap for 2023, til orientering
5. Budsjett for 2024, til orientering
6. Eventuelle andre saker
7. Samtale om arbeidet

Forslag til VEDTAK :

Tid og stad for soknemøtet blir ..

Soknerådet vedtek punkta for Kunngjering av soknemøte, Saker og Sakslista, og forslaga til namn under Sak 1, konstituering.

VEDTAK :

Tid og stad for soknemøtet blir i Kviteseid kyrkje sundag 5. mai, etter messa.

Soknerådet vedtek einstemmig punkta for Kunngjering av soknemøte, Saker og Sakslista, samt forslaga til namn under Konstituering i Sak 1.

SR-sak 16.24 SR	Fasteaksjonen 2024	MS
------------------------	---------------------------	-----------

Trusopplærar er godt i gang med førebuing av årets fasteaksjon, men det er soknerådet som er ansvarleg for aksjonen. Sjølve innsamlingsdagen med bøsser er tysdag 19. mars fra kl. 16.30, men aksjonsperioden er i heile fastetida, frå fastelavnssundag til påske.

Kirkens Nødhjelp (KN) har og i år hovudfokus på vatn med gjenbruk av mottoet 'Håp i en dråpe vann'. Prosjekt og filmar er i år hovudsakeleg frå Libanon. Med katastrofetider som no, med krigen i Ukraina som har vart i to år, og den pågåande krigen mellom Israel og dei palestinske styresmaktene Hamas på Gazastripen som diverre har ramma millionar av menneske, treng sårt om hjelp. I tillegg er det stadig turke, flaum, jordskjelv eller anna som tærer på katastrofefondet til Kirkens Nødhjelp.

Hos oss er konfirmantane ein viktig ressurs i innsamlingsarbeidet, i tillegg til sjåførar, soknerådet og andre friviljuge. Konfirmantforeldra har fått munnleg informasjon om aksjonen på foreldremøtet, og konfirmantane blir stadig minna om aksjonen. Det er laga lister med konfirmantane og sjåførar.

Det vi ikkje har av materiell, er bestilt av Knut Ove. Han klargjer og materiell og bøsser til aksjonsdagen. På førehand vert nokre bøsser plassert ut på butikkar i Kviteseid.

Nyttig informasjon om fasteaksjonen finn vi alle på www.fasteaksjonen.no. Vi brukar og Facebooksida vår til å gjere fasteaksjonen kjend.

Onsdag 28. februar var det markering av starten på fasteaksjonen med Salme- og solidaritetskveld i Kviteseid kyrkje. Når det nærmar seg aksjonsdagen, blir det og oppslag i VTB, noko prostidiakonen Eilev syter for.

Soknerådet si oppgåve:

1. Finne ansvarlege for utdeling av bøsser til kvar plass.
2. Finne folk til å fylle på der det ikkje er nok konfirmantar og føresette
3. Dei ansvarlege på kvar plass:
 - a. Avtalar med kyrkjekontoret om henting av bøsser og materiell seinast i veka før aksjonsdagen
 - b. Fordeler rodene på konfirmantane med sjåførar, og finn eventuelle andre til ledige roder.
 - c. Ordnar med kaffi og ein matbit der det er behov. I Kviteseid spør leiaren diakoniutvalet om bollar til bøsseberarane, kokar kaffi og kjøper inn brus.
 - d. Må vere to til å telje opp frå bøssene på kvar plass og
 - i. melde inn beløp same kveld og levere bøsser med pengar neste dag, eller
 - ii. levera dei plomberte bøssene til kyrkjekontoret same kveld.
 - e. Oppgjers-skjema og evaluerings-skjema fylgjer med til kvar plass.

Stad	Sentral	Ansvarleg leier	roder	Konf. og sjåfør	Frå soknerådet (forslag)
Kviteseid	Kyrkjekontor inngang på komm.huset	Knut Ove Lofstad Ida Sigurdslid	12	8	Sigrun G Moen Solveig Aabø Løfgren Anne Oddny Foldøy <i>Ingrid Grestad</i>
Brunkeberg	Kyrkjestøgo	Geir Helge Susort	6	4	Dagfinn Køhn (<i>hentar og leverer bøsse i Kviteeid</i>) Knut Gjersund
Vrådal	...	Marit Sørby Astrid Breivik	5	4	Jan Gunnar Breivik
Fjågesund		Trond Fjågesund	2	0	Aud Turid Fjågesund Gunn Karin Eikåsen
Kilen		Elin Yung Larsen	1	0	Elin Yung Larsen

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet vedtek oppgåvane og folk til oppgåvane.

VEDTAK:

Soknerådet vedtek oppgåvane og folk til oppgåvane.

SR-sak 17.24 SR	Dugnad på kyrkjegardane	MS
------------------------	--------------------------------	-----------

Denne saka er ikkje blitt førebudd. Her er lima inn noko får i fjar:

Som vanleg ynskjer soknerådet å engasjere frivillige til dugnad på kyrkjegardane tidleg på våren. Kyrkjeverja annonserer på FB og med eigen dobbeltpalta annonse i VTB nokre dagar før.

Forslag til datoar (m/2022-datoar):

- Brunkeberg: Torsdag 4. mai kl. 17:00 (vedteke 12.05, vart 04.05)
- Kviteeid (nye): Onsdag 26. april kl. 17:00 (28.04) Vi har SR 28.04.
- Kviteeid gamle: Torsdag 27. april kl. 18:00 (29.04)
- Vrådal: Onsdag 26. april kl. 17:00 (28.04)
- Fjågesund: Torsdag 27. april kl. 17:00 (avtala) (28.04)

VEDTAK:

Soknerådet vedtek oppgåvane og inviterer til dugnad på kyrkjegardane som fylgjer:

- Brunkeberg: Tysdag 7. mai kl. 17:00 (nokon tar ofte ei økt tidlegare på dagen)
 - Kviteeid (nye): Onsdag 24. april kl. 17:00. Ansv.: *Marit Gotuholt* og tilsette.
 - Kviteeid gamle: Torsdag 25. april kl. 17:00. Ansv.: Hans Kristian Aabø (men gjerne og ein frå SR, seier HKAa)
 - Vrådal: Tysdag 30. april kl. 17:00 (Både ved kyrkja og på gamle kyrkjegard på Roholdt)
 - Fjågesund: Torsdag 25. april kl. 17:00
- Kyrkjeverja annonserer i VTB fredag 19. april.

SR-sak 18.24 SR	Eventuelt	MS
------------------------	------------------	-----------

